# Kvam herad
# Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Sakshands.** |
| Kvam eldreråd | 24.08.2012 | 024/12 | BERFLA |
| Tenesteutvalet | 27.08.2012 | 022/12 | BERFLA |
| Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 30.08.2012 | 014/12 | BERFLA |
| Kvam heradsstyre | 04.09.2012 | 094/12 | BERFLA |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:**<br>**Saksh.:** Helga Sørhus | **Arkiv:** N-340<br>**Objekt:** | **Arkivsaknr**<br>11/961 - 7 |

## Revidering av Rusmiddelpolitisk handlingsplan

**Samandrag:**
Heradstyret vedtok i møte 06.09.11, sak 076/11, å gje administrasjonen i oppgåve å rullera rusmiddelpolitisk handlingsplan for Kvam herad for perioden 2012 – 2016.

Ei administrativ, tverretatleg arbeidsgruppe + 2 medlemmer i Tenesteutvalet har utarbeidd framlegg til plan. Planen er oppbygd slik:
Kap 1-3: Innleiing, situasjonsbeskrivelse, mål og strategiar
Kap 4 : Førebygging av rusproblem
Retningsliner for sal og skjenking av alkohol
Kap 5 : Hjelpetiltak for rusmidelavhengige
Kap 6 : Gjennomføring av planen
Kap 7 : Samla oversikt over tilråding frå arbeidsgruppa.
Arbeidsgruppa tilrår i stor grad ei vidareføring av tiltaka i førre plan, med ein del mindre og nokre større endringar. Endringar av vesentleg karakter er:

- Auka innsats innafor tidleg intervensjon for å førebyggja utvikling av rusproblem.
- Redusert skjenketid med 30 minutt, slik at skjenketid er i samsvar med normaltid i lova.
- Høve til utvida skjenketid på uteområde i særskilde høve.
- Retningsliner for skjenkeløyve ved einskildhøve er endra til at arrangement i forsamlingslokale kan få skjenkeløyve dersom 1/3 av vaktene har gjennomført kurs i regi skjenkekontrollen og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet.
- Inndraging av løyve ved grove brot er endra til ”frå 2 veker til 1 mnd” mot tidlegare ”frå 1 veke til 1 mnd.”.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam heradstyre vedtek Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012-2016 med fylgjande tiltak:

## 1. Tiltak for å førebyggja og hindra utvikling av rusmiddelmisbruk:

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Rusførebyggjande arbeid i grunnskulen:<br>• Haldningsarbeid i høve til alkohol, narkotika, tobakk<br>• Rusførebygging som tema på foreldremøte i 8.klasse<br>• Hjelpetiltak i skulen for elevar som strevar med å meistra skulekvardagen | Rådmann | <br>2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2013 – 2016 |
| 2. | Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skule:<br>• Haldningsarbeid i møte med russen | Rådmann og politi | 2012 – 2016 |
| 3. | Oppmoda foreldre til å vera aktive/ synlege støttespelarar for ungdom, særleg på kveldstid og i helger | Alle | 2012 – 2016 |
| 4. | Vidareutvikla kontaktorgan for bekymra foreldre | Rådmann | 2013 |
| 5. | Halda fram med tiltak for å stoppa ”langing” av alkohol til mindreårige. | Politi og Rådmann | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kunnskap i hjelpetenestene om bruk av verktøy for å identifisera og gi hjelp til personar som står i fare for å utvikla rusmisbruk | Rådmann | 2012 – 2013 |
| 7. | Leggja til rette for:<br>• at ”ingen skal stå igjen”, - eit inkluderande fritids- og organisasjonsliv<br>• aktivitetar for uorganisert ungdom<br>• at lag og organisasjonar får hjelp til å arrangera rusfrie og haldningsskapande arrangement | Rådmann | <br>2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2012 – 2016 |
| 8. | Oppretthalda og styrkja alkoholfrie soner gjennom samarbeid med Av-og-til. | Rådmann | 2012-2016 |

## 2. Tiltak for å regulera tilgjenget av alkohol:

1. Kvam herad skal vera restriktiv med å skjenka alkohol på eigne arrangement eller i eigne bygg. Ordførar / rådmann kan gje løyve ved einskildhøve. Regelen gjeld ikkje kommunale bygg (alders-/sjukeheimar og utleigebustader) der den einskilde bebuar / leigetakar sjølv kan bestemma dette.

2. **Salsløyve**
   Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal føregå som sjølvbetjeningssal i daglegvareforretningar. Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltid i Alkohollova, til kl.20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på laurdagar.

   For løyveperioden 2012- 2016 får rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenna søknader frå Hardanger Frukt & Siderfestival.

3. **Skjenkeløyve**
   Hotell og restaurantar kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
   Diskotek og båt kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
   Skjenking på uteareal er avgrensa til alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.

Unntak er hotell som også kan skjenka drikk i gruppe 3 på uteområdet.
Det kan berre unntaksvis gjevast skjenkeløyve til kafear, då ikkje før etter kl. 20.00
Det kan gjevast fleire skjenkeløyve når verksemda har ei driftsform med ulike driftskonsept / tilbod til ulike grupper.

4. **Skjenketid** kan starta kl. 12.00 / kl. 13.00 og skal avsluttast i samsvar med normaltid i Alkohollova, kvar dag heile året, slik:
frå kl. 12.00 til kl. 01.00 for gruppe 1 og 2 (med fortæringstid til kl. 01.30).
frå kl. 13.00 til kl. 24.00 for gruppe 3 (med fortæringstid til kl. 00.30)
- Unntak er: Restaurant m/ matservering som ligg i kjøpesenter, der gjeld løyvet frå kl. 20.00.
- Utvida skjenketid til kl. 02.00 for gruppe 1 og 2 kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er situasjonar som Bygdalarm, Siderfestival eller i samband med juleferie og påskeferie.

Skjenketid på uteområde skal avsluttast kl. 23.00 (med fortæringstid til kl. 23.30)
- Unntak er hotell som kan skjenka drikk i gruppe 1,2 og 3 på uteområdet like lenge som på inneområde.
- Utvida skjenketid til kl. 24.00 på uteområde kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er ved arrangement som uansett vil medføra forstyrring av Nattero i bygda slik at utvida skjenketid i lita grad vil påverka dette.

På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til skjenketids- avgrensingar (i samsvar med alkohollova § 4-4).

5. **Skjenkeløyve for einskildhøve** etter § 1-6 skal gjevast slik:
Det kan innvilgast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde arrangement i forsamlingslokale. Det er eit vilkår at skjenkestyrar og stedfortredar og minst 1/3 av vaktene må ha gjennomført kurs for skjenkestyrarar og vakter i regi av sals - og skjenkekontrollen, og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet.
Det er eit vilkår om 18 års aldersgrense for tilgang til lokalet.
Brot på skjenkevilkåra kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.

6. **Ambulerande skjenkeløyve** etter § 4-5 skal gjevast slik:
- Til arrangement for lukka lag med inviterte gjester og der alkoholservering skjer som sal eller spleising. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredsstilt.
- Til arrangement for lukka lag som føregår i eit lokale som har serveringsløyve, sjølv om det berre er inviterte gjester og alkoholen vert spandert. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredstilt.

7. **Søknad** om utviding av skjenketid/ skjenkeområde/ einskildløyve og ambulerande løyve skal vera levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk. Kommunen skal avvise søknad som kjem inn etter fristen

8. Løyvehavar skal betala **gebyr** etter fylgjande retningsliner:
a) for einskildhøve iflg. Alkl. § 1-6, 3.ledd:
- For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 0 - 100 personar/gjester: kr. 600.-.
- For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 100 - 200 personar/gjester: kr. 1.500.-.
- For tilskipingar der forventa tal deltakarar er meir enn 200 personar/gjester: kr. 3.000.-.

Ved søknad om løyve skal det gjevast opp kor mange gjester tilskiparen forventar. Rekning for gebyr vert sendt ut på bakgrunn av tal personar gjeven opp i søknad. Gebyret skal vera betalt før tilskipinga startar. Dersom det ved kontroll av tilskipinga syner seg at det er fleire gjester enn gjeve opp i søknad, vert det sendt restkrav etter maksimalsats.

b) for ambulerande løyve iflg. Alkl. § 4-5: kr. 250,-.

9. Samarbeidet med nabokommunar om alkoholkontroll -teneste held fram under vilkår av at det vil styrkja drifta av ei profesjonell teneste.

10. Fylgjande **reaksjonar ved brot** på sals og skjenkevilkår:

A) Reaksjon ved grove brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.
a) Som grove brot på alkohollova og forskriftene til denne vert rekna:
- Brot på reglane om aldersgrenser for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.
- Brot på reglane om sal og skjenking til openbart rusa person.
- Brot på reglane om sal og skjenking ut over fastsett sals - og skjenke-/fortæringstid.

b) Ved første gongs brot vert det, alt etter omstende i samband med brotet, reagert med inndraging av løyve for eit tidsrom frå 2 veker til 1 mnd. Dersom det ligg føre særlege omstende/formildande omstende, kan det reagert med åtvaring.

c) Ved andre gongs brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 3 veker til 3 mnd.

d) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.

e) Alternativet til inndraging etter b. og c. kan vere inndraging av løyvet for ein del av verksemda – partiell inndraging, eller for eit tidspunkt på døgeret – t.d. etter kl. 22.00. Dersom slik inndraging vert nytta, skal tidsrommet for inndraginga setjast lik maksimumstida jfr. b., c. og e.

f) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

B) Reaksjon ved andre brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.
a) Ved brot på alkohollova og forskriftene til denne som ikkje kjem inn under pkt. 1. vert det reagert med skriftleg stadfesting på at brot er registrert og med ei påpeiking av at løyvemynde
forventar at tilhøvet vert retta opp for ettertida.

b) Ved andre gongs brot vert det reagert med ei skriftleg åtvaring.

c) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 1 veke. til 1 mnd. alt etter omstende i samband med brota.

d) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd i tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

C) Effektuering av inndragingsvedtak etter pkt. 1 og 2.

For inndraging av løyvet etter pkt. 1. og 2. skal dette skje etter utløpet av klagefristen etter Alkl. § 1-16, evt. etter at klage er avgjort av klageinstansen. Inndragingsperioden startar same vekedag som brotet har funne stad.

D) Reaksjon ved brot på alkohollova og reglane for skjenking for einskildhøve jfr. § 1-6, 3. ledd.
Ved grovt brot (sjå pkt. 1) eller ved fleire andre brot på alkohollova og reglane for skjenking av alkoholhaldig drikk vert det ikkje innvilga nye løyve til same løyvehavar for ein periode på inntil 2 år.

E) Forbod mot drikking for visse type lokale jfr. Alkl. § 8-9.
Kommunen/heradet forventar at den som eig eller disponerer lokale som nemnt i Alkl. § 8-9, 1. ledd, 1, 2, 3, 4 kjenner reglane for bruken og forventar at han/ho gjer sitt til at alkoholhaldig drikk ikkje vert nytta i lokala i strid med reglane. Kommunen/heradet kan vurdere å melda bruk av alkoholhaldig drikk i strid med reglane til politi/lensmann.

F) Avgjerdsmynde ved inndraging av løyve og andre reaksjonar.
Heradsstyret fattar vedtak om inndraging av løyve jfr. pkt. 1 og 2.
Administrasjonssjefen vert gjeven fullmakt til:
- Å gje åtvaringar ved brot jfr. 1. b. og 2 a. og b.
- Å effektuere vedtak jfr. pkt. 3.
- Å inndra løyve mellombels – inntil tilhøvet er ordna opp i – ved unnlating av å sende inn oppgåve som grunnlag for fastsetjing av årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk eller unnlating av å innbetale gebyr innan dei fristar som er sett.
- Å fastsetje reaksjon i tråd med pkt. 4 og 5.

Administrasjonssjefen kan delegere sitt mynde etter pkt. b. etter reglane om intern delegasjon til annan person/administrativ eining.

## 3. Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Skaffa bustader som er eigna for rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2013 |
| 2. | Arbeida for utvida dagtilbod til rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2014 |
| 3. | Arbeida for at den rusmiddelavhengige får behandling i samsvar med sine behov. | Fastlege, Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 4. | Synleggjering av kommunen sitt tilbod til pårørande | Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 5. | Prioritera ressursar til tett og individuell oppfølging av rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kompetansen i hjelpeapparatet i Kvam om rusmiddelmisbruk og hjelpetiltak | Rådmannen | 2012 - 2016 |

## 4. Økonomi

Trong for midlar utover normale driftsbudsjett til å gjennomføra tiltak i planen må takast opp i budsjettarbeidet for kvart år.

**24.08.2012 Kvam eldreråd**

**Ugildskap:**
Siriann Lillevik, KTL opplyste KER om at ho i følgje Kommunelova §40 punkt 3 var ugild i saka. Ho viste til at ho har arbeidd med planen.

Det var 5 røysteføre i den vidare behandlinga i saka.

**Framlegg frå Kirsten Aase, leiar: Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med endring i punkt 2. Tiltak for å regulera tilgjenget.**
**1.**
Kvam herad skal ikkje skjenka alkohol på eigne arrangement eller i eigne bygg. Regelen gjeld ikkje kommunale bygg (alders-/sjukeheimar og utleigebustader) der den einskilde bebuar / leigetakar sjølv kan bestemma dette.

**Røysting:**
Kirsten Aase sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 5 røyster.

**KER-024/12 Uttale:**

Kvam heradstyre vedtek Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012-2016 med fylgjande tiltak:

## 1. Tiltak for å førebyggja og hindra utvikling av rusmiddelmisbruk:

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Rusførebyggjande arbeid i grunnskulen:<br>• Haldningsarbeid i høve til alkohol, narkotika, tobakk<br>• Rusførebygging som tema på foreldremøte i 8.klasse<br>• Hjelpetiltak i skulen for elevar som strevar med å meistra skulekvardagen | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2013 – 2016 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2. | Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skule:<br>• Haldningsarbeid i møte med russen | Rådmann og politi | 2012 – 2016 |
| 3. | Oppmoda foreldre til å vera aktive/ synlege støttespelarar for ungdom, særleg på kveldstid og i helger | Alle | 2012 – 2016 |
| 4. | Vidareutvikla kontaktorgan for bekymra foreldre | Rådmann | 2013 |
| 5. | Halda fram med tiltak for å stoppa "langing" av alkohol til mindreårige. | Politi og Rådmann | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kunnskap i hjelpetenestene om bruk av verktøy for å identifisera og gi hjelp til personar som står i fare for å utvikla rusmisbruk | Rådmann | 2012 – 2013 |
| 7. | Leggja til rette for:<br>• at "ingen skal stå igjen", - eit inkluderande fritids- og organisasjonsliv<br>• aktivitetar for uorganisert ungdom<br>• at lag og organisasjonar får hjelp til å arrangera rusfrie og haldningsskapande arrangement | Rådmann | <br>2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2012 – 2016 |
| 8. | Oppretthalda og styrkja alkoholfrie soner gjennom samarbeid med Av-og-til. | Rådmann | 2012-2016 |

## 2. Tiltak for å regulera tilgjenget av alkohol:

1. Kvam herad skal ikkje skjenka alkohol på eigne arrangement eller i eigne bygg. Regelen gjeld ikkje kommunale bygg (alders-/sjukeheimar og utleigebustader) der den einskilde bebuar / leigetakar sjølv kan bestemma dette.

2. **Salsløyve**
Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal føregå som sjølvbetjeningssal i daglegvareforretningar. Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltid i Alkohollova, til kl.20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på laurdagar.

For løyveperioden 2012- 2016 får rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenna søknader frå Hardanger Frukt & Siderfestival.

3. **Skjenkeløyve**
Hotell og restaurantar kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
Diskotek og båt kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
Skjenking på uteareal er avgrensa til alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
Unntak er hotell som også kan skjenka drikk i gruppe 3 på uteområdet.
Det kan berre unntaksvis gjevast skjenkeløyve til kafear, då ikkje før etter kl. 20.00
Det kan gjevast fleire skjenkeløyve når verksemda har ei driftsform med ulike driftskonsept / tilbod til ulike grupper.

4. **Skjenketid** kan starta kl. 12.00 / kl. 13.00 og skal avsluttast i samsvar med normaltid i Alkohollova, kvar dag heile året, slik:
frå kl. 12.00 til kl. 01.00 for gruppe 1 og 2 (med fortæringstid til kl. 01.30).
frå kl. 13.00 til kl. 24.00 for gruppe 3 (med fortæringstid til kl. 00.30)
   - Unntak er: Restaurant m/ matservering som ligg i kjøpesenter, der gjeld løyvet frå kl. 20.00.
   - Utvida skjenketid til kl. 02.00 for gruppe 1 og 2 kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er situasjonar som Bygdalarm, Siderfestival eller i samband med juleferie og påskeferie.

   Skjenketid på uteområde skal avsluttast kl. 23.00 (med fortæringstid til kl. 23.30)
   - Unntak er hotell som kan skjenka drikk i gruppe 1,2 og 3 på uteområdet like lenge som på inneområde.

- Utvida skjenketid til kl. 24.00 på uteområde kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er ved arrangement som uansett vil medføra forstyrring av Nattero i bygda slik at utvida skjenketid i lita grad vil påverka dette.

På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til skjenketids- avgrensingar (i samsvar med alkohollova § 4-4).

5. **Skjenkeløyve for einskildhøve** etter § 1-6 skal gjevast slik:
   Det kan innvilgast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde arrangement i forsamlingslokale. Det er eit vilkår at skjenkestyrar og stedfortredar og minst 1/3 av vaktene må ha gjennomført kurs for skjenkestyrarar og vakter i regi av sals - og skjenkekontrollen, og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet.
   Det er eit vilkår om 18 års aldersgrense for tilgang til lokalet.
   Brot på skjenkevilkåra kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.

6. **Ambulerande skjenkeløyve** etter § 4-5 skal gjevast slik:
   - Til arrangement for lukka lag med inviterte gjester og der alkoholservering skjer som sal eller spleising. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredsstilt.
   - Til arrangement for lukka lag som føregår i eit lokale som har serveringsløyve, sjølv om det berre er inviterte gjester og alkoholen vert spandert. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredstilt.

7. **Søknad** om utviding av skjenketid/ skjenkeområde/ einskildløyve og ambulerande løyve skal vera levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk. Kommunen skal avvise søknad som kjem inn etter fristen

8. Løyvehavar skal betala **gebyr** etter fylgjande retningsliner:
   c) for einskildhøve iflg. Alkl. § 1-6, 3.ledd:
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 0 - 100 personar/gjester: kr. 600.-.
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 100 - 200 personar/gjester: kr. 1.500.-.
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er meir enn 200 personar/gjester: kr. 3.000.-.

   Ved søknad om løyve skal det gjevast opp kor mange gjester tilskiparen forventar. Rekning for gebyr vert sendt ut på bakgrunn av tal personar gjeven opp i søknad. Gebyret skal vera betalt før tilskipinga startar. Dersom det ved kontroll av tilskipinga syner seg at det er fleire gjester enn gjeve opp i søknad, vert det sendt restkrav etter maksimalsats.

   d) for ambulerande løyve iflg. Alkl. § 4-5: kr. 250,-.

9. Samarbeidet med nabokommunar om alkoholkontroll -teneste held fram under vilkår av at det vil styrkja drifta av ei profesjonell teneste.

10. Fylgjande **reaksjonar ved brot** på sals og skjenkevilkår:

    A) <u>Reaksjon ved grove brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.</u>

    a) Som grove brot på alkohollova og forskriftene til denne vert rekna:
       - Brot på reglane om aldersgrenser for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.
       - Brot på reglane om sal og skjenking til openbart rusa person.
       - Brot på reglane om sal og skjenking ut over fastsett sals - og skjenke-/fortæringstid.

    b) Ved første gongs brot vert det, alt etter omstende i samband med brotet, reagert med inndraging av løyve for eit tidsrom frå 2 veker til 1 mnd. Dersom det ligg føre særlege omstende/formildande omstende, kan det reagert med åtvaring.

    c) Ved andre gongs brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 3 veker til 3 mnd.

    d) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.

    e) Alternativet til inndraging etter b. og c. kan vere inndraging av løyvet for ein del av verksemda – partiell inndraging, eller for eit tidspunkt på døgeret – t.d. etter kl. 22.00. Dersom slik inndraging vert nytta, skal tidsrommet for inndraginga setjast lik maksimumstida jfr. b., c. og e.

    f) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

B) Reaksjon ved andre brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.
   a) Ved brot på alkohollova og forskriftene til denne som ikkje kjem inn under pkt. 1. vert det reagert med skriftleg stadfesting på at brot er registrert og med ei påpeiking av at løyvemynde
   forventar at tilhøvet vert retta opp for ettertida.
   b) Ved andre gongs brot vert det reagert med ei skriftleg åtvaring.
   c) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 1 veke. til 1 mnd. alt etter omstende i samband med brota.
   d) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd i tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

C) Effektuering av inndragingsvedtak etter pkt. 1 og 2.

For inndraging av løyvet etter pkt. 1. og 2. skal dette skje etter utløpet av klagefristen etter Alkl. § 1-16, evt. etter at klage er avgjort av klageinstansen. Inndragingsperioden startar same vekedag som brotet har funne stad.

G) Reaksjon ved brot på alkohollova og reglane for skjenking for einskildhøve jfr. § 1-6, 3. ledd.
Ved grovt brot (sjå pkt. 1) eller ved fleire andre brot på alkohollova og reglane for skjenking av alkoholhaldig drikk vert det ikkje innvilga nye løyve til same løyvehavar for ein periode på inntil 2 år.

H) Forbod mot drikking for visse type lokale jfr. Alkl. § 8-9.
Kommunen/heradet forventar at den som eig eller disponerer lokale som nemnt i Alkl. § 8-9, 1. ledd, 1, 2, 3, 4 kjenner reglane for bruken og forventar at han/ho gjer sitt til at alkoholhaldig drikk ikkje vert nytta i lokala i strid med reglane. Kommunen/heradet kan vurdere å melda bruk av alkoholhaldig drikk i strid med reglane til politi/lensmann.

I) Avgjerdsmynde ved inndraging av løyve og andre reaksjonar.
Heradsstyret fattar vedtak om inndraging av løyve jfr. pkt. 1 og 2.
Administrasjonssjefen vert gjeven fullmakt til:
- Å gje åtvaringar ved brot jfr. 1. b. og 2 a. og b.
- Å effektuere vedtak jfr. pkt. 3.
- Å inndra løyve mellombels – inntil tilhøvet er ordna opp i – ved unnlating av å sende inn oppgåve som grunnlag for fastsetjing av årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk eller unnlating av å innbetale gebyr innan dei fristar som er sett.
- Å fastsetje reaksjon i tråd med pkt. 4 og 5.

Administrasjonssjefen kan delegere sitt mynde etter pkt. b. etter reglane om intern delegasjon til annan person/administrativ eining.

## 3. Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Skaffa bustader som er eigna for rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2013 |
| 2. | Arbeida for utvida dagtilbod til rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2014 |
| 3. | Arbeida for at den rusmiddelavhengige får behandling i samsvar med sine behov. | Fastlege, Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 4. | Synleggjering av kommunen sitt tilbod til pårørande | Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 5. | Prioritera ressursar til tett og individuell oppfølging av rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kompetansen i hjelpeapparatet i Kvam om rusmiddelmisbruk og hjelpetiltak | Rådmannen | 2012 - 2016 |

## 4. Økonomi

Trong for midlar utover normale driftsbudsjett til å gjennomføra tiltak i planen må takast opp i budsjettarbeidet for kvart år.

**27.08.2012 Tenesteutvalet**

**Framlegg frå Alexander Fosse Andersen, Sp:** Nytt punkt under rådmannen sitt framlegg til vedtak punkt 1, tiltak 2 (4.1.1 Handlingsplanen): - tett oppfølging av elevar ved dei vidaregåande skulanene i Kvam for å oppdaga problem knytt til rus og psykisk problem.

**Framlegg frå Eirik Brunborg, KTL:** Skjenketida blir slik som den er per i dag.

**Framlegg frå Harald Kjosås, Krf:** Endringar i punkt 2.2:
Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal føregå som sjølvbetjeningssal i daglegvareforretningar. Salstider i butikkane skal vera fram til kl.: 18:00 på kvardagar og til kl. 15:00 på laurdagar.

**Framlegg frå Elisabeth Aarekol, Sp:**

- Endring i punkt 4. Skjenketid kan starta kl. 12:00/ kl. 13:00 og skal avsluttast i samsvar med alkohollova, kvar dag heile året slik: Frå 12:00 til kl. 02:00 for gruppe 1 og 2 (med fortæringstid til kl. 02:30). Frå 13:00 til kl. 01:00 for gruppe 3 ( med fortæringstid til 01:30).
- Tillegg i punkt 4.2.3.2- punkt 7: Det kan søkjast om dispensasjon ved spesielle arrangement t.d. større konsertar.

**Røysting:**

1. Alexander Fosse Andersen, Sp sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 7 røyster.
2. Rådmannen sitt framlegg vedr. skjenketid fekk 2 røyster og fall.
3. Eirik Brunborg, KTL sitt framlegg fekk 3 røyster og vart vedteke.
4. Elisabeth Aarekol, Sp sitt framlegg fekk 2 røyster og fall.
5. Harald Kjosås, Krf sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.
6. Elisabeth Aarekol, Sp sitt tillegg til punkt. 4.2.3.2- punk 7. fekk 6 røyster og vart vedteke mot 1 røyst.
7. Resten av rumiddelpolitisk handlingsplan vart samrøystes vedteke med 7 røyster.

**TEN-022/12 Tilråding:**
Kvam heradstyre vedtek Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012-2016 med følgjande endringar og tiltak:

**Tilrådde endringar i Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012 -2016:**

**Tillegg til Punkt 4.1.1:**
Tett oppfølging av elevar ved dei vidaregåande skulane i Kvam for å oppdaga problem knytt til rus og psykiske problem.

**Punkt 4.2.3.2- kulepunkt 7.**

- Er det bestemte typer arrangement som kommunen generelt ikkje ynskjer å gi løyve? T.d arrangement for ungdom, der barn/unge og vaksne deltek saman, idrettsarrangement
  - \- Arbeidsgruppa meiner at det ikkje skal gjevast skjenkeløyve til arrangement der born/unge under18 år deltek, og til idrettsarrangement. Det er i tråd med folkehelseperspektiv og av – og – tilprogrammet sin bodskap. **Tenesteutvalet tilrår at det kan søkjast om dispensasjon ved spesielle arrangement t.d. større konsertar.**

## 1. Tiltak for å førebyggja og hindra utvikling av rusmiddelmisbruk:

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Rusførebyggjande arbeid i grunnskulen:<br>• Haldningsarbeid i høve til alkohol, narkotika, tobakk<br>• Rusførebygging som tema på foreldremøte i 8.klasse<br>• Hjelpetiltak i skulen for elevar som strevar med å meistra skulekvardagen | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2013 – 2016 |
| 2. | Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skule:<br>• Haldningsarbeid i møte med russen<br>• Tett oppfølging av elevar ved dei vidaregåande skulane i Kvam for å oppdaga problem knytt til rus og psykiske problem | Rådmann og politi | 2012 – 2016 |
| 3. | Oppmoda foreldre til å vera aktive/ synlege støttespelarar for ungdom, særleg på kveldstid og i helger | Alle | 2012 – 2016 |
| 4. | Vidareutvikla kontaktorgan for bekymra foreldre | Rådmann | 2013 |
| 5. | Halda fram med tiltak for å stoppa "langing" av alkohol til mindreårige. | Politi og Rådmann | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kunnskap i hjelpetenestene om bruk av verktøy for å identifisera og gi hjelp til personar som står i fare for å utvikla rusmisbruk | Rådmann | 2012 – 2013 |
| 7. | Leggja til rette for:<br>• at "ingen skal stå igjen", - eit inkluderande fritids- og organisasjonsliv<br>• aktivitetar for uorganisert ungdom<br>• at lag og organisasjonar får hjelp til å arrangera rusfrie og haldningsskapande arrangement | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2012 – 2016 |
| 8. | Opprethalda og styrkja alkoholfrie soner gjennom samarbeid med Av-og-til. | Rådmann | 2012-2016 |

## 2. Tiltak for å regulera tilgjenget av alkohol:

1. Kvam herad skal vera restriktiv med å skjenka alkohol på eigne arrangement eller i eigne bygg. Ordførar / rådmann kan gje løyve ved einskildhøve. Regelen gjeld ikkje kommunale bygg (alders- /sjukeheimar og utleigebustader) der den einskilde bebuar / leigetakar sjølv kan bestemma dette.

2. **Salsløyve**
   Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal føregå som sjølvbetjeningssal i daglegvareforretningar. Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltid i Alkohollova, til kl.20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på laurdagar.

   For løyveperioden 2012- 2016 får rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenna søknader frå Hardanger Frukt & Siderfestival.

3. **Skjenkeløyve**

Hotell og restaurantar kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
Diskotek og båt kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
Skjenking på uteareal er avgrensa til alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
Unntak er hotell som også kan skjenka drikk i gruppe 3 på uteområdet.
Det kan berre unntaksvis gjevast skjenkeløyve til kafear, då ikkje før etter kl. 20.00
Det kan gjevast fleire skjenkeløyve når verksemda har ei driftsform med ulike driftskonsept / tilbod til ulike grupper.

4. **Skjenketid** kan starta kl. 12.00 / kl. 13.00 og skal avsluttast i samsvar med normaltid i Alkohollova, kvar dag heile året, slik:
frå kl. 12.00 til kl. 01.30 for gruppe 1 og 2 (med fortæringstid til kl. 02:00).
frå kl. 13.00 til kl. 00.30 for gruppe 3 (med fortæringstid til kl. 01.00)
- Unntak er: Restaurant m/ matservering som ligg i kjøpesenter, der gjeld løyvet frå kl. 20.00.
- Utvida skjenketid til kl. 02.00 for gruppe 1 og 2 kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er situasjonar som Bygdalarm, Siderfestival eller i samband med juleferie og påskeferie.

Skjenketid på uteområde skal avsluttast kl. 23.00 (med fortæringstid til kl. 23.30)
- Unntak er hotell som kan skjenka drikk i gruppe 1,2 og 3 på uteområdet like lenge som på inneområde.
- Utvida skjenketid til kl. 24.00 på uteområde kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er ved arrangement som uansett vil medføra forstyrring av Nattero i bygda slik at utvida skjenketid i lita grad vil påverka dette.

På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til skjenketids- avgrensingar (i samsvar med alkohollova § 4-4).

5. **Skjenkeløyve for einskildhøve** etter § 1-6 skal gjevast slik:
Det kan innvilgast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde arrangement i forsamlingslokale. Det er eit vilkår at skjenkestyrar og stedfortredar og minst 1/3 av vaktene må ha gjennomført kurs for skjenkestyrarar og vakter i regi av sals - og skjenkekontrollen, og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet.
Det er eit vilkår om 18 års aldersgrense for tilgang til lokalet.
Brot på skjenkevilkåra kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.

6. **Ambulerande skjenkeløyve** etter § 4-5 skal gjevast slik:
- Til arrangement for lukka lag med inviterte gjester og der alkoholservering skjer som sal eller spleising. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredsstilt.
- Til arrangement for lukka lag som føregår i eit lokale som har serveringsløyve, sjølv om det berre er inviterte gjester og alkoholen vert spandert. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredstilt.

7. **Søknad** om utviding av skjenketid/ skjenkeområde/ einskildløyve og ambulerande løyve skal vera levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk. Kommunen skal avvise søknad som kjem inn etter fristen

8. Løyvehavar skal betala **gebyr** etter fylgjande retningsliner:
e) for einskildhøve iflg. Alkl. § 1-6, 3.ledd:
- For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 0 - 100 personar/gjester: kr. 600.-.
- For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 100 - 200 personar/gjester: kr. 1.500.-.
- For tilskipingar der forventa tal deltakarar er meir enn 200 personar/gjester: kr. 3.000.-.

Ved søknad om løyve skal det gjevast opp kor mange gjester tilskiparen forventar. Rekning for gebyr vert sendt ut på bakgrunn av tal personar gjeven opp i søknad. Gebyret skal vera betalt før tilskipinga startar. Dersom det ved kontroll av tilskipinga syner seg at det er fleire gjester enn gjeve opp i søknad, vert det sendt restkrav etter maksimalsats.

f) for ambulerande løyve iflg. Alkl. § 4-5: kr. 250,-.

9. Samarbeidet med nabokommunar om alkoholkontroll -teneste held fram under vilkår av at det vil styrkja drifta av ei profesjonell teneste.

10. Fylgjande **reaksjonar ved brot** på sals og skjenkevilkår:

A) Reaksjon ved grove brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.

a) Som grove brot på alkohollova og forskriftene til denne vert rekna:
- Brot på reglane om aldersgrenser for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.
- Brot på reglane om sal og skjenking til openbart rusa person.
- Brot på reglane om sal og skjenking ut over fastsett sals - og skjenke-/fortæringstid.

b) Ved første gongs brot vert det, alt etter omstende i samband med brotet, reagert med inndraging av løyve for eit tidsrom frå 2 veker til 1 mnd. Dersom det ligg føre særlege omstende/formildande omstende, kan det reagert med åtvaring.

c) Ved andre gongs brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 3 veker til 3 mnd.

d) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.

e) Alternativet til inndraging etter b. og c. kan vere inndraging av løyvet for ein del av verksemda – partiell inndraging, eller for eit tidspunkt på døgeret – t.d. etter kl. 22.00. Dersom slik inndraging vert nytta, skal tidsrommet for inndraginga setjast lik maksimumstida jfr. b., c. og e.

f) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

B) Reaksjon ved andre brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.

a) Ved brot på alkohollova og forskriftene til denne som ikkje kjem inn under pkt. 1. vert det reagert med skriftleg stadfesting på at brot er registrert og med ei påpeiking av at løyvemynde
forventar at tilhøvet vert retta opp for ettertida.

b) Ved andre gongs brot vert det reagert med ei skriftleg åtvaring.

c) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 1 veke. til 1 mnd. alt etter omstende i samband med brota.

d) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd i tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

C) Effektuering av inndragingsvedtak etter pkt. 1 og 2.

For inndraging av løyvet etter pkt. 1. og 2. skal dette skje etter utløpet av klagefristen etter Alkl. § 1-16, evt. etter at klage er avgjort av klageinstansen. Inndragingsperioden startar same vekedag som brotet har funne stad.

J) Reaksjon ved brot på alkohollova og reglane for skjenking for einskildhøve jfr. § 1-6, 3. ledd.
Ved grovt brot (sjå pkt. 1) eller ved fleire andre brot på alkohollova og reglane for skjenking av alkoholhaldig drikk vert det ikkje innvilga nye løyve til same løyvehavar for ein periode på inntil 2 år.

K) Forbod mot drikking for visse type lokale jfr. Alkl. § 8-9.
Kommunen/heradet forventar at den som eig eller disponerer lokale som nemnt i Alkl. § 8-9, 1. ledd, 1, 2, 3, 4 kjenner reglane for bruken og forventar at han/ho gjer sitt til at alkoholhaldig drikk ikkje vert nytta i lokala i strid med reglane. Kommunen/heradet kan vurdere å melda bruk av alkoholhaldig drikk i strid med reglane til politi/lensmann.

L) Avgjerdsmynde ved inndraging av løyve og andre reaksjonar.
Heradsstyret fattar vedtak om inndraging av løyve jfr. pkt. 1 og 2.
Administrasjonssjefen vert gjeven fullmakt til:
- Å gje åtvaringar ved brot jfr. 1. b. og 2 a. og b.
- Å effektuere vedtak jfr. pkt. 3.
- Å inndra løyve mellombels – inntil tilhøvet er ordna opp i – ved unnlating av å sende inn oppgåve som grunnlag for fastsetjing av årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk eller unnlating av å innbetale gebyr innan dei fristar som er sett.
- Å fastsetje reaksjon i tråd med pkt. 4 og 5.

Administrasjonssjefen kan delegere sitt mynde etter pkt. b. etter reglane om intern delegasjon til annan person/administrativ eining.

## 3. Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Skaffa bustader som er eigna for rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2013 |
| 2. | Arbeida for utvida dagtilbod til rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2014 |
| 3. | Arbeida for at den rusmiddelavhengige får behandling i samsvar med sine behov. | Fastlege, Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 4. | Synleggjering av kommunen sitt tilbod til pårørande | Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 5. | Prioritera ressursar til tett og individuell oppfølging av rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kompetansen i hjelpeapparatet i Kvam om rusmiddelmisbruk og hjelpetiltak | Rådmannen | 2012 - 2016 |

## 4. Økonomi

Trong for midlar utover normale driftsbudsjett til å gjennomføra tiltak i planen må takast opp i budsjettarbeidet for kvart år.

**Saksordførar: Elisabeth Aarekol, Sp**

**30.08.2012 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Framlegg frå Harald Kjosås, Krf:**
**Endring i punkt 2. Tiltak for å regulera tilgjenget.**
**1.**
Kvam herad skal ikkje skjenka alkohol i kommunal regi.

**Framlegg frå Hallvar Soldal:**

- **Tillegg under punkt 1. 5. Auka kontroll med butikklokale.**
- **Tillegg til punkt 9. Meir samarbeid mellom involverte partar.**
- **Tillegg til punkt 10. Bot i staden for inndraging**
- **Punkt 4. Skjenketid som i dag.**

**Røysting:**
Framlegget frå Harald Kjosås, Krf vart samrøystes vedteke med 7 røyster.

Framlegget frå Hallvar Soldal, Krf vart samrøystes vedteke med 7 røyster.

Resterande tilråding frå rådmannen vart samrøystes vedteke

**RPNF-014/12 Uttale:**

Kvam heradstyre vedtek Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012-2016 med fylgjande tiltak:

## 1. Tiltak for å førebyggja og hindra utvikling av rusmiddelmisbruk:

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Rusførebyggjande arbeid i grunnskulen:<br>• Haldningsarbeid i høve til alkohol, narkotika, tobakk<br>• Rusførebygging som tema på foreldremøte i 8.klasse<br>• Hjelpetiltak i skulen for elevar som strevar med å meistra skulekvardagen | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2013 – 2016 |
| 2. | Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skule:<br>• Haldningsarbeid i møte med russen | Rådmann og politi | 2012 – 2016 |
| 3. | Oppmoda foreldre til å vera aktive/ synlege støttespelarar for ungdom, særleg på kveldstid og i helger | Alle | 2012 – 2016 |
| 4. | Vidareutvikla kontaktorgan for bekymra foreldre | Rådmann | 2013 |
| 5. | • Halda fram med tiltak for å stoppa ”langing” av alkohol til mindreårige.<br>• **Auka kontroll med butikklokale** | Politi og Rådmann | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kunnskap i hjelpetenestene om bruk av verktøy for å identifisera og gi hjelp til personar som står i fare for å utvikla rusmisbruk | Rådmann | 2012 – 2013 |
| 7. | Leggja til rette for:<br>• at ”ingen skal stå igjen”, - eit inkluderande fritids- og organisasjonsliv<br>• aktivitetar for uorganisert ungdom<br>• at lag og organisasjonar får hjelp til å arrangera rusfrie og haldningsskapande arrangement | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2012 – 2016 |
| 8. | Oppretthalda og styrkja alkoholfrie soner gjennom samarbeid med Av-og-til. | Rådmann | 2012-2016 |

## 2. Tiltak for å regulera tilgjenget av alkohol:

1. **Kvam herad skal ikkje skjenka alkohol i kommunal regi.**

2. **Salsløyve**
   Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal føregå som sjølvbetjeningssal i daglegvareforretningar. Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltid i Alkohollova, til kl.20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på laurdagar.

   For løyveperioden 2012- 2016 får rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenna søknader frå Hardanger Frukt & Siderfestival.

3. **Skjenkeløyve**
   Hotell og restaurantar kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
   Diskotek og båt kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
   Skjenking på uteareal er avgrensa til alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
   Unntak er hotell som også kan skjenka drikk i gruppe 3 på uteområdet.
   Det kan berre unntaksvis gjevast skjenkeløyve til kafear, då ikkje før etter kl. 20.00

Det kan gjevast fleire skjenkeløyve når verksemda har ei driftsform med ulike driftskonsept / tilbod til ulike grupper.

4. **Skjenketid** kan starta kl. 12.00 / kl. 13.00 og skal avsluttast i samsvar med normaltid i Alkohollova, kvar dag heile året, slik:
   frå kl. 12.00 til kl. 01.30 for gruppe 1 og 2 (med fortæringstid til kl. 02:00).
   frå kl. 13.00 til kl. 00.30 for gruppe 3 (med fortæringstid til kl. 01.00)
   - Unntak er: Restaurant m/ matservering som ligg i kjøpesenter, der gjeld løyvet frå kl. 20.00.
   - Utvida skjenketid til kl. 02.00 for gruppe 1 og 2 kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er situasjonar som Bygdalarm, Siderfestival eller i samband med juleferie og påskeferie.

   Skjenketid på uteområde skal avsluttast kl. 23.00 (med fortæringstid til kl. 23.30)
   - Unntak er hotell som kan skjenka drikk i gruppe 1,2 og 3 på uteområdet like lenge som på inneområde.
   - Utvida skjenketid til kl. 24.00 på uteområde kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er ved arrangement som uansett vil medføra forstyrring av Nattero i bygda slik at utvida skjenketid i lita grad vil påverka dette.

   På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til skjenketids- avgrensingar (i samsvar med alkohollova § 4-4).

5. **Skjenkeløyve for einskildhøve** etter § 1-6 skal gjevast slik:
   Det kan innvilgast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde arrangement i forsamlingslokale. Det er eit vilkår at skjenkestyrar og stedfortredar og minst 1/3 av vaktene må ha gjennomført kurs for skjenkestyrarar og vakter i regi av sals - og skjenkekontrollen, og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet.
   Det er eit vilkår om 18 års aldersgrense for tilgang til lokalet.
   Brot på skjenkevilkåra kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.

6. **Ambulerande skjenkeløyve** etter § 4-5 skal gjevast slik:
   - Til arrangement for lukka lag med inviterte gjester og der alkoholservering skjer som sal eller spleising. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredsstilt.
   - Til arrangement for lukka lag som føregår i eit lokale som har serveringsløyve, sjølv om det berre er inviterte gjester og alkoholen vert spandert. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredstilt.

7. **Søknad** om utviding av skjenketid/ skjenkeområde/ einskildløyve og ambulerande løyve skal vera levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk. Kommunen skal avvise søknad som kjem inn etter fristen

8. Løyvehavar skal betala **gebyr** etter fylgjande retningsliner:
   a) for einskildhøve iflg. Alkl. § 1-6, 3.ledd:
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 0 - 100 personar/gjester: kr. 600.-.
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 100 - 200 personar/gjester: kr. 1.500.-.
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er meir enn 200 personar/gjester: kr. 3.000.-.

   Ved søknad om løyve skal det gjevast opp kor mange gjester tilskiparen forventar. Rekning for gebyr vert sendt ut på bakgrunn av tal personar gjeven opp i søknad. Gebyret skal vera betalt før tilskipinga startar. Dersom det ved kontroll av tilskipinga syner seg at det er fleire gjester enn gjeve opp i søknad, vert det sendt restkrav etter maksimalsats.

   b) for ambulerande løyve iflg. Alkl. § 4-5: kr. 250,-.

9. Samarbeidet med nabokommunar om alkoholkontroll -teneste held fram under vilkår av at det vil styrkja drifta av ei profesjonell teneste. **Meir samarbeid med involverte partar**

10. Fylgjande **reaksjonar ved brot** på sals og skjenkevilkår:

    A) Reaksjon ved grove brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.

a) Som grove brot på alkohollova og forskriftene til denne vert rekna:
   - Brot på reglane om aldersgrenser for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.
   - Brot på reglane om sal og skjenking til openbart rusa person.
   - Brot på reglane om sal og skjenking ut over fastsett sals - og skjenke-/fortæringstid.

b) Ved første gongs brot vert det, alt etter omstende i samband med brotet, **reagert med bot.** Dersom det ligg føre særlege omstende/formildande omstende, kan det reagert med åtvaring.

c) Ved andre gongs brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 3 veker til 3 mnd.

d) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.

e) Alternativet til inndraging etter b. og c. kan vere inndraging av løyvet for ein del av verksemda – partiell inndraging, eller for eit tidspunkt på døgeret – t.d. etter kl. 22.00. Dersom slik inndraging vert nytta, skal tidsrommet for inndraginga setjast lik maksimumstida jfr. b., c. og e.

f) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

B) <u>Reaksjon ved andre brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.</u>

a) Ved brot på alkohollova og forskriftene til denne som ikkje kjem inn under pkt. 1. vert det reagert med skriftleg stadfesting på at brot er registrert og med ei påpeiking av at løyvemynde
forventar at tilhøvet vert retta opp for ettertida.

b) Ved andre gongs brot vert det reagert med ei skriftleg åtvaring.

c) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 1 veke. til 1 mnd. alt etter omstende i samband med brota.

d) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd i tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

C) <u>Effektuering av inndragingsvedtak etter pkt. 1 og 2.</u>

For inndraging av løyvet etter pkt. 1. og 2. skal dette skje etter utløpet av klagefristen etter Alkl. § 1-16, evt. etter at klage er avgjort av klageinstansen. Inndragingsperioden startar same vekedag som brotet har funne stad.

M) <u>Reaksjon ved brot på alkohollova og reglane for skjenking for einskildhøve jfr. § 1-6, 3. ledd.</u>
Ved grovt brot (sjå pkt. 1) eller ved fleire andre brot på alkohollova og reglane for skjenking av alkoholhaldig drikk vert det ikkje innvilga nye løyve til same løyvehavar for ein periode på inntil 2 år.

N) <u>Forbod mot drikking for visse type lokale jfr. Alkl. § 8-9.</u>
Kommunen/heradet forventar at den som eig eller disponerer lokale som nemnt i Alkl. § 8-9, 1. ledd, 1, 2, 3, 4 kjenner reglane for bruken og forventar at han/ho gjer sitt til at alkoholhaldig drikk ikkje vert nytta i lokala i strid med reglane. Kommunen/heradet kan vurdere å melda bruk av alkoholhaldig drikk i strid med reglane til politi/lensmann.

O) <u>Avgjerdsmynde ved inndraging av løyve og andre reaksjonar.</u>
Heradsstyret fattar vedtak om inndraging av løyve jfr. pkt. 1 og 2.
Administrasjonssjefen vert gjeven fullmakt til:
   - Å gje åtvaringar ved brot jfr. 1. b. og 2 a. og b.
   - Å effektuere vedtak jfr. pkt. 3.
   - Å inndra løyve mellombels – inntil tilhøvet er ordna opp i – ved unnlating av å sende inn oppgåve som grunnlag for fastsetjing av årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk eller unnlating av å innbetale gebyr innan dei fristar som er sett.
   - Å fastsetje reaksjon i tråd med pkt. 4 og 5.

Administrasjonssjefen kan delegere sitt mynde etter pkt. b. etter reglane om intern delegasjon til annan person/administrativ eining.

## 3. Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Skaffa bustader som er eigna for rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2013 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2. | Arbeida for utvida dagtilbod til rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2014 |
| 3. | Arbeida for at den rusmiddelavhengige får behandling i samsvar med sine behov. | Fastlege, Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 4. | Synleggjering av kommunen sitt tilbod til pårørande | Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 5. | Prioritera ressursar til tett og individuell oppfølging av rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kompetansen i hjelpeapparatet i Kvam om rusmiddelmisbruk og hjelpetiltak | Rådmannen | 2012 - 2016 |

## 4. Økonomi

Trong for midlar utover normale driftsbudsjett til å gjennomføra tiltak i planen må takast opp i budsjettarbeidet for kvart år.

**04.09.2012 Kvam heradsstyre**

Representanten Jarle Hjartåker, H ba heradstyret handsame om han er ugild i saka etter §40 pkt. 3
Han gjekk i frå ved handsaming av gildskap.

**Framlegg vedk. gildskap frå Harald Kjosås, Krf:**
Jarle Hjartåker, H er ugild i saka

Rådmann meiner repr. Hjartåker er gild i saka.
Heradstyret sluttar seg til dette og representanten er med og handsamar saka.

**Framlegg til vedtak:**
Tilråding frå TEN

**Framlegg til endring frå Elisabet Aarekol, Sp:**
Pkt. 2.4 Utvida skjenketider frå 01.30 til 02.00- for gruppe 1 og 2
Utvida skjenketider frå 00.30 til 01.00 – for gruppe 3
Pkt. 2.4 kulepkt 2
Utvida skjenketid frå 02.00 til 02.30 for gruppe 1 og 2 i særskilde høve, etter søknad.

**Framlegg frå Harald Kjosås, Krf:**
Pkt. 2.4 Framlegg frå rådmannen

**Framlegg frå eldrerådet framlagt av Harald Kjosås, Krf:**
Endring i punkt 2. Tiltak for å regulera tilgjenget.
1.
Kvam herad skal ikkje skjenka alkohol på eigne arrangement eller i eigne bygg. Regelen gjeld ikkje kommunale bygg (alders-/sjukeheimar og utleigebustader) der den einskilde bebuar / leigetakar sjølv kan bestemma dette.

**Framlegg til endring i pkt. 2-1 frå Atle Naterstad, Ap. Dette framlegget vart seinare trekt.**

**Framlegg til endring og tillegspunkt frå Alexander Fosse Anderssen, Sp:**
Pkt. 2.5 Etter nest siste setn. Det er eit vilkår…: ***Det kan søkjast om dispensasjon ved spesielle arrangement t.d. konsertar mv.***

Pkt. 4.1.1 Tillegg i tiltak 2 :***Tett oppfølging av elevar ved dei vidaregåande skulane i Kvam for å oppdaga problem knytt til psykiske vanskar og rus.***

**Framlegg til endring frå Brynjulv Hauger, Frp:**
Pkt. 2.2 Endring i siste setning frå Hardanger Frukt & Siderfestival til ***festivalar.***

Pkt. 2.3 endring av siste setning:
***På uteareal kan det skjenkast alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.***

Pkt. 2.4 kulepunkt 2 endring frå Bygdalarm, siderfestival til ***festivalar***

**Røysting:**
Innledning før pkt. 1 samrøystes vedteke

**Pkt. 1** samrøystes vedteke

**Pkt. 2.1** Tilråding frå TEN fekk 23 røyster og vart vedteke
Pkt. 2.1 endring frå krf fekk 4 røyster og fall

Pkt 2.2 Tilråding frå TEN
**Pkt 2.2** Tilråding frå TEN med endring frå FRP (festivalar) vart samrøystes vedteke

Pkt 2.3 Tilråding TEN
**Pkt 2.3** Tilråding frå TEN med endring (skjenking på uteareal) frå FRP fekk 27 røyster og vart samrøystes vedteke

**Pkt. 2.4** kulepkt. 2 endring framlagt av FRP frå Bygdalarm, siderfestival til ***festivalar*** vart samrøystes vedteke
**Pkt. 2.4 kulepkt. 2** endring framlagt av Sp vedk. utvida skjenketid i gruppe 1 og 2 ved særskilte høve, vart samrøystes vedteke

**Pkt 2.4** Tilråding frå TEN fekk 22 røyster og vart vedteke
Pkt 2.4 Framlegg frå rådmannen framlagt av Krf, fekk 5 røyster og fall
Pkt 2.4 Framlegg frå Sp vedk. ordinære skjenketider fekk 12 røyster og fall

**Pkt 2.5** Tilråding frå TEN med tillegg frå Sp fekk 24 røyster og vart vedteke
Pkt 2.5 tilråding frå TEN fekk 3 røyster og fall

**Pkt. 2.6 – 2.10** vart samrøyster vedteke

**Pkt 3 og pkt 4** vart samrøystes vedteke

**Pkt 4.1.1** i handlingsplanen:
Tilråding frå TEN med tillegg frå Sp vart samrøystes vedteke

**HST-094/12 Vedtak:**
Kvam heradstyre vedtek Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012-2016 med følgjande endringar og tiltak:

**Tillegg til Punkt 4.1.1:**
Tillegg i tiltak 2 :***Tett oppfølging av elevar ved dei vidaregåande skulane i Kvam for å oppdaga problem knytt til psykiske vanskar og rus.***

**Punkt 4.2.3.2- kulepunkt 7.**
• Er det bestemte typer arrangement som kommunen generelt ikkje ynskjer å gi løyve? T.d arrangement for ungdom, der barn/unge og vaksne deltek saman, idrettsarrangement

- - Arbeidsgruppa meiner at det ikkje skal gjevast skjenkeløyve til arrangement der born/unge under18 år deltek, og til idrettsarrangement. Det er i tråd med folkehelseperspektiv og av – og – tilprogrammet sin bodskap.**Det kan søkjast om dispensasjon ved spesielle arrangement t.d. større konsertar.**

# 1. Tiltak for å førebyggja og hindra utvikling av rusmiddelmisbruk:

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Rusførebyggjande arbeid i grunnskulen:<br>• Haldningsarbeid i høve til alkohol, narkotika, tobakk<br>• Rusførebygging som tema på foreldremøte i 8.klasse<br>• Hjelpetiltak i skulen for elevar som strevar med å meistra skulekvardagen | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2013 – 2016 |
| 2. | Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skule:<br>• Haldningsarbeid i møte med russen<br>• Tett oppfølging av elevar ved dei vidaregåande skulane i Kvam for å oppdaga problem knytt til rus og psykiske problem | Rådmann og politi | 2012 – 2016 |
| 3. | Oppmoda foreldre til å vera aktive/ synlege støttespelarar for ungdom, særleg på kveldstid og i helger | Alle | 2012 – 2016 |
| 4. | Vidareutvikla kontaktorgan for bekymra foreldre | Rådmann | 2013 |
| 5. | Halda fram med tiltak for å stoppa "langing" av alkohol til mindreårige. | Politi og Rådmann | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kunnskap i hjelpetenestene om bruk av verktøy for å identifisera og gi hjelp til personar som står i fare for å utvikla rusmisbruk | Rådmann | 2012 – 2013 |
| 7. | Leggja til rette for:<br>• at "ingen skal stå igjen", - eit inkluderande fritids- og organisasjonsliv<br>• aktivitetar for uorganisert ungdom<br>• at lag og organisasjonar får hjelp til å arrangera rusfrie og haldningsskapande arrangement | Rådmann | 2012 - 2016<br>2012 - 2016<br>2012 – 2016 |
| 8. | Oppretthalda og styrkja alkoholfrie soner gjennom samarbeid med Av-og-til. | Rådmann | 2012-2016 |

## 2. Tiltak for å regulera tilgjenget av alkohol:

1. Kvam herad skal vera restriktiv med å skjenka alkohol på eigne arrangement eller i eigne bygg. Ordførar / rådmann kan gje løyve ved einskildhøve. Regelen gjeld ikkje kommunale bygg (alders-/sjukeheimar og utleigebustader) der den einskilde bebuar / leigetakar sjølv kan bestemma dette.

2. **Salsløyve**
   Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal føregå som sjølvbetjeningssal i daglegvareforretningar. Salstider i butikkane skal vera i samsvar med maksimaltid i Alkohollova, til kl.20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på laurdagar.

   For løyveperioden 2012- 2016 får rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenna søknader frå ***festivalar***.

3. **Skjenkeløyve**
   Hotell og restaurantar kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.
   Diskotek og båt kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.
   ***På uteareal kan det skjenkast alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.***
   Unntak er hotell som også kan skjenka drikk i gruppe 3 på uteområdet.
   Det kan berre unntaksvis gjevast skjenkeløyve til kafear, då ikkje før etter kl. 20.00
   Det kan gjevast fleire skjenkeløyve når verksemda har ei driftsform med ulike driftskonsept / tilbod til ulike grupper.

4. **Skjenketid** kan starta kl. 12.00 / kl. 13.00 og skal avsluttast i samsvar med normaltid i Alkohollova, kvar dag heile året, slik:
   frå kl. 12.00 til kl. 01.30 for gruppe 1 og 2 (med fortæringstid til kl. 02:00).
   frå kl. 13.00 til kl. 00.30 for gruppe 3 (med fortæringstid til kl. 01.00)
   - Unntak er: Restaurant m/ matservering som ligg i kjøpesenter, der gjeld løyvet frå kl. 20.00.
   - Utvida skjenketid til kl. **02.30** for gruppe 1 og 2 kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er situasjonar som ***festivalar*** eller i samband med juleferie og påskeferie.

   Skjenketid på uteområde skal avsluttast kl. 23.00 (med fortæringstid til kl. 23.30)
   - Unntak er hotell som kan skjenka drikk i gruppe 1,2 og 3 på uteområdet like lenge som på inneområde.
   - Utvida skjenketid til kl. 24.00 på uteområde kan i særskilde høve gjevast etter søknad. Kriterium for særskilde høve er ved arrangement som uansett vil medføra forstyrring av Nattero i bygda slik at utvida skjenketid i lita grad vil påverka dette.

   På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til skjenketids- avgrensingar (i samsvar med alkohollova § 4-4).

5. **Skjenkeløyve for einskildhøve** etter § 1-6 skal gjevast slik:
   Det kan innvilgast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 for einskilde arrangement i forsamlingslokale. Det er eit vilkår at skjenkestyrar og stedfortredar og minst 1/3 av vaktene må ha gjennomført kurs for skjenkestyrarar og vakter i regi av sals - og skjenkekontrollen, og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet.
   Det er eit vilkår om 18 års aldersgrense for tilgang til lokalet. ***Det kan søkjast om dispensasjon ved spesielle arrangement t.d. konsertar mv.***
   Brot på skjenkevilkåra kan medføra karantene for både huseigar og arrangør.

6. **Ambulerande skjenkeløyve** etter § 4-5 skal gjevast slik:
   - Til arrangement for lukka lag med inviterte gjester og der alkoholservering skjer som sal eller spleising. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredsstilt.
   - Til arrangement for lukka lag som føregår i eit lokale som har serveringsløyve, sjølv om det berre er inviterte gjester og alkoholen vert spandert. Vilkåra til lukka lag må vera tilfredsstilt.

7. **Søknad** om utviding av skjenketid/ skjenkeområde/ einskildløyve og ambulerande løyve skal vera

levert til kommunen seinast to veker før løyvet skal takast i bruk. Kommunen skal avvise søknad som kjem inn etter fristen

8. Løyvehavar skal betala **gebyr** etter fylgjande retningsliner:
   g) for einskildhøve iflg. Alkl. § 1-6, 3.ledd:
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 0 - 100 personar/gjester: kr. 600.-.
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er frå 100 - 200 personar/gjester: kr. 1.500.-.
   - For tilskipingar der forventa tal deltakarar er meir enn 200 personar/gjester: kr. 3.000.-.

   Ved søknad om løyve skal det gjevast opp kor mange gjester tilskiparen forventar. Rekning for gebyr vert sendt ut på bakgrunn av tal personar gjeven opp i søknad. Gebyret skal vera betalt før tilskipinga startar. Dersom det ved kontroll av tilskipinga syner seg at det er fleire gjester enn gjeve opp i søknad, vert det sendt restkrav etter maksimalsats.

   h) for ambulerande løyve iflg. Alkl. § 4-5: kr. 250,-.

9. Samarbeidet med nabokommunar om alkoholkontroll -teneste held fram under vilkår av at det vil styrkja drifta av ei profesjonell teneste.

10. Fylgjande **reaksjonar ved brot** på sals og skjenkevilkår:

A) Reaksjon ved grove brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.
   a) Som grove brot på alkohollova og forskriftene til denne vert rekna:
      - Brot på reglane om aldersgrenser for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.
      - Brot på reglane om sal og skjenking til openbart rusa person.
      - Brot på reglane om sal og skjenking ut over fastsett sals - og skjenke-/fortæringstid.
   b) Ved første gongs brot vert det, alt etter omstende i samband med brotet, reagert med inndraging av løyve for eit tidsrom frå 2 veker til 1 mnd. Dersom det ligg føre særlege omstende/formildande omstende, kan det reagert med åtvaring.
   c) Ved andre gongs brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 3 veker til 3 mnd.
   d) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.
   e) Alternativet til inndraging etter b. og c. kan vere inndraging av løyvet for ein del av verksemda – partiell inndraging, eller for eit tidspunkt på døgeret – t.d. etter kl. 22.00. Dersom slik inndraging vert nytta, skal tidsrommet for inndraginga setjast lik maksimumstida jfr. b., c. og e.
   f) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

B) Reaksjon ved andre brot – ordinære sals - og skjenkeløyve.
   a) Ved brot på alkohollova og forskriftene til denne som ikkje kjem inn under pkt. 1. vert det reagert med skriftleg stadfesting på at brot er registrert og med ei påpeiking av at løyvemynde
   forventar at tilhøvet vert retta opp for ettertida.
   b) Ved andre gongs brot vert det reagert med ei skriftleg åtvaring.
   c) Ved ytterlegare brot vert løyvet inndrege for eit tidsrom frå 1 veke. til 1 mnd. alt etter omstende i samband med brota.
   d) Det kan ikkje takast omsyn til brot som har skjedd i tidlegare enn 4 år tilbake i tid.

C) Effektuering av inndragingsvedtak etter pkt. 1 og 2.

   For inndraging av løyvet etter pkt. 1. og 2. skal dette skje etter utløpet av klagefristen etter Alkl. § 1-16, evt. etter at klage er avgjort av klageinstansen. Inndragingsperioden startar same vekedag som brotet har funne stad.

P) Reaksjon ved brot på alkohollova og reglane for skjenking for einskildhøve jfr. § 1-6, 3. ledd.
   Ved grovt brot (sjå pkt. 1) eller ved fleire andre brot på alkohollova og reglane for skjenking av alkoholhaldig drikk vert det ikkje innvilga nye løyve til same løyvehavar for ein periode på inntil 2 år.

Q) Forbod mot drikking for visse type lokale jfr. Alkl. § 8-9.

Kommunen/heradet forventar at den som eig eller disponerer lokale som nemnt i Alkl. § 8-9, 1. ledd, 1, 2, 3, 4 kjenner reglane for bruken og forventar at han/ho gjer sitt til at alkoholhaldig drikk ikkje vert nytta i lokala i strid med reglane. Kommunen/heradet kan vurdere å melda bruk av alkoholhaldig drikk i strid med reglane til politi/lensmann.

R) Avgjerdsmynde ved inndraging av løyve og andre reaksjonar.
Heradsstyret fattar vedtak om inndraging av løyve jfr. pkt. 1 og 2.
Administrasjonssjefen vert gjeven fullmakt til:
- Å gje åtvaringar ved brot jfr. 1. b. og 2 a. og b.
- Å effektuere vedtak jfr. pkt. 3.
- Å inndra løyve mellombels – inntil tilhøvet er ordna opp i – ved unnlating av å sende inn oppgåve som grunnlag for fastsetjing av årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk eller unnlating av å innbetale gebyr innan dei fristar som er sett.
- Å fastsetje reaksjon i tråd med pkt. 4 og 5.

Administrasjonssjefen kan delegere sitt mynde etter pkt. b. etter reglane om intern delegasjon til annan person/administrativ eining.

## 3. Tiltak for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige

| | Tiltak | Ansvar | Når |
|---|---|---|---|
| 1 | Skaffa bustader som er eigna for rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2013 |
| 2. | Arbeida for utvida dagtilbod til rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2014 |
| 3. | Arbeida for at den rusmiddelavhengige får behandling i samsvar med sine behov. | Fastlege, Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 4. | Synleggjering av kommunen sitt tilbod til pårørande | Rådmannen | 2012 – 2016 |
| 5. | Prioritera ressursar til tett og individuell oppfølging av rusmiddelavhengige | Rådmannen | 2012 - 2016 |
| 6. | Auka kompetansen i hjelpeapparatet i Kvam om rusmiddelmisbruk og hjelpetiltak | Rådmannen | 2012 - 2016 |

## 4. Økonomi

Trong for midlar utover normale driftsbudsjett til å gjennomføra tiltak i planen må takast opp i budsjettarbeidet for kvart år.

### Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

| JournalID | Journaldato | Tittel | Avsendar |
|---|---|---|---|
| 12/4583 | 07.03.12 | Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Kvam herad 2012 – 2015. | |

For å opne dokument det er referert til i tabellen må du klikke på lenka under her.
Skriv så inn JournalID i søkefeltet DokumentID og utfør søket.
http://www.kvam.no/innsyn6/wfinnsyn.aspx?response=journalpost_sok&simple=false

**Saksopplysningar:**

Heradstyret vedtok i møte 06.09.11, sak 076/11, å gje administrasjonen i oppgåve å rullera rusmiddelpolitisk handlingsplan for Kvam herad for perioden 2012 – 2015.

Ei administrativ, tverretatleg arbeidsgruppe + 2 medlemmer i Tenesteutvalet har utarbeidd framlegg til plan. Planen er oppbygd slik:
Kap 1-3: Innleiing, situasjonsbeskrivelse, mål og strategiar
Kap 4 : Førebygging av rusproblem
Retningsliner for sal og skjenking av alkohol
Kap 5 : Hjelpetiltak for rusmidelavhengige
Kap 6 : Gjennomføring av planen
Kap 7 : Samla oversikt over tilråding frå arbeidsgruppa.
Arbeidsgruppa tilrår i stor grad ei vidareføring av tiltaka i førre plan, med ein del mindre og nokre større endringar. Endringar av vesentleg karakter er:

- auka innsats innafor tidleg intervensjon for å førebyggja utvikling av rusproblem. Dette er i tråd med statlege føringar.
- skjenketid i samsvar med normaltid i lova. Det er ein reduksjon på 30 minutt samanlikna med førre plan
- høve til utvida skjenketid på uteområde i særskilde høve. Dette for å ta inn ny praksis som heradstyret vedtok i mai 2012.
- Retningsliner for skjenkeløyve ved einskildhøve er endra. I førre plan var det eit krav at skjenking på opne arrangement måtte utførast av dei profesjonelle skjenkestadene, men at lag og organisasjonar kunne få skjenkeløyve til eigne arrangement for medlemmer. I framlegg til ny plan er dette erstatta med at arrangement i forsamlingslokale kan få skjenkeløyve dersom 1/3 av vaktene har gjennomført kurs i regi skjenkekontrollen og at talet på vakter er i samsvar med krav frå politiet. For store arrangement i kommunale bygg skal det framleis vera eit krav at etablerte skjenkestader skal ha ansvar for skjenkinga. .
- Inndraging av løyve ved grove brot er endra til "frå 2 veker til 1 mnd" mot tidlegare "frå 1 veke til 1 mnd.".

Framlegg til plan er lagt ut til høyring og kunngjort i annonse 26.06.12. Kvam herad har ikkje motteke nokon høyringsuttale pr. 08.08.12.

**Vurdering:**

Rådmannen ser framlegget til plan som eit godt arbeidsreiskap i komande 4-års-periode.